



Setesdalssamarbeid

Bygland, Evje og Hornnes,
Valle, Bykle og Åseral

Vår ref.:
2021/2-6

Sakshandsamar:
Rita Hansen

Dato
02.07.21

REFERAT MØTE ORDFØRARUTVAL 160621

Møtestad: Bergtun hotell
Møtetidspunkt: 16. juni 2021 kl 1300 - 1430
Desse møtte: Steinar Kyrvestad, Valle kommune
Jon Rolf Næss, Bykle kommune
Sigbjørn Åge Fossdal, Bygland kommune
Svein Arne Haugen, Evje og Hornnes kommune
Inger Lise Lund Stulien, Åseral kommune
Rita Hansen, Setesdal IPR

Sak	Merknad	Ansvar /frist
Godkjenning av referat frå møte 10. mai 2021 Referat godkjent. Førebels held ein fram med å ha referat, møteplan osv på nettsida og ikkje nytta den ordinære innsynsløysinga.		
1 – Innleiing til møte v/Steinar Kort møte denne gang grunna møtekollisjon. Dialogmøte med UiA. I samband med at UiA ikkje setter i gang desentralisert sjukepleiarutdanning i korkje Østre Agder eller Setesdal, blir det møte mellom UiA og politisk og administrativ leiing i dei interkommunale politiske råda i Østre Agder, Lister og Setesdal. Regional plan Setesdal. Sendt brev til fylkesrådmann vdr tidspunkt for oppstart av prosessen. Ynskeleg å sjå prosessen i samband med ny strategi og kommande handlingsprogram. Regional samhandlingsstruktur. Digital «kick-off» for ny, regional samhandlingsstruktur i morgon, kor mellom anna politisk leiing i dei 4 regionråda er invitert. Regionråda sin plass i ny regional samhandlingsstruktur er ikkje avklart.		

<p>2 – Kort oppdatering, administrasjonen v/Rita</p> <p>Birgit Homme Harstad byrjar 1. august.</p> <p>Kommunedirektørutvalet har gitt innspel til deira rolle og funksjon i Setesdal IPR, og samarbeidsavtalen kjem som sak til både styre og representantskap før ferien. Ein har også bedt om synspunkt vdr Setesdal næringsforum, sak kjem til politisk handsaming til hausten.</p> <p>Arbeider med å kople på prosessveileder som vi nytta i strategiprosessen til vidare bistand med handlingsprogram/fyrtårn. Ynskeleg å starte opp rett etter ferien.</p>		
<p>3 – Førespurnad frå tilsette i Setesdal Bilruter L/L om kjøp av aksjar v/Steinar</p> <p>Svein Arne fratrådte møtet under dette punktet.</p> <p>Steinar og Sigbjørn, som i førre styremøte vart utpekt til å leie forhandlingane, orienterte om prosessen så langt.</p>		
<p>5 – Eventuelt</p> <p>Ingen tema meldt inn før møte.</p> <p>Felles møte/besøk - Vest-Telemarkrådet og Setesdal IPR. Styret drøfter saka i kommande styremøte.</p> <p>IKT-samarbeidet/Setesdal IKT. Oppdatering av status i den politiske handsaminga i eigen kommune og generell drøfting av det regionale perspektivet.</p>		
<p>Neste møte</p> <p>Starter opp med bedriftsbesøk til hausten. Rita følger opp med det praktiske.</p>		

Med helsing
Setesdal interkommunalt politisk råd

Rita Hansen
dagleg leiar